

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Referat frå møte mellom Vestland fylkeskommune og UngVest

**Dato:** 22. januar 2020

**Til stades:** Atle Johannessen, Johanne Kalsaas, Øystein Rambjørg, Marianne Ose Askvik, Åge Avedal

### 1. Presentasjon av UngVest, historikk, medlemsorganisasjonar, føremål etc.

Etablert i 1984 som høyringsorgan i barne- og ungdomssaker, under namnet Hordaland barne- og ungdomsråd. Sekretariat for ungdommens fylkesting fram til 2013. Har vore arrangør av UKM til og med 2014. Tidlegare: Ungdomskonferansar i lag med årsmøte, men interessa har dabba av. 41 medlemsorganisasjonar per i dag.

2018: Frivillighetsfestivalen. Etter 2018 vart namnet UngVest. 2019: Internasjonale samarbeid blitt vektlagt. UngVest praktiserer låg terskel for å kunne bli med her. Lyst ut via medlemsorganisasjonane. Fem gruppeutvekslingar i 2019, og deltatt i voluntørordning. Har vore ein del aktivitet på sosiale media / Facebooksida til UngVest, spesielt i samband med fylkessamanslåinga. Sidan 2018 har UngVest hatt ein diskusjon om kva som skal vere oppgåvene og ansvarsområda til UngVest. Atle er tilsett i 40 % frå 1.1.2020. Stillinga kan utvidast. Tre aktive i styret. Planlagt årsmøte 22. februar i Bergen. Har mål om å rekruttere nye medlemsorganisasjonar frå gamle Sogn og Fjordane.

### 2. Presentasjon av Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering / seksjon for kunst- og kulturutvikling

Det vart informert om tilskotsordningar som er under arbeid. Tilskot til prosjekt og tiltak er nyleg vedtatt. Kjem m.a. utlysing av driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar med frist 1. april, samt driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar 2021 med frist 1. april føregåande år. Arbeidet til fylkeskommunen byggjer på dei regionale kulturplanane for SFJ og Hordaland. Fylkeskommunen driv elles fagleg arbeid, er i dialog med feltet og inviterer til møteplassar og samlingar.

### 3. Informasjon om pågåande prosess med støtteordningar i Vestland fylkeskommune

Tilskotsordning for barne- og ungdomsorganisasjonar vil bli vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og integrering i februar, med søknadsfrist 1. april i 2020 og 1. mars åra frametter.

Støtte til UngVest blir vurdert saman med potten til desse organisasjonane, og vedtak vil bli gjort av hovudutvalet i juni. UngVest kan rekne med eit eingangsvedtak på støtte i 2020 med midlar frå potten til barne- og ungdomsføremål, og må rekne med lågare støtte i 2020 enn dei seinare åra.

#### 4. Informasjon om UngVest sine planar, utkast til budsjett og aktivitetsplan 2020 m.m.

Gjekk gjennom forslag til arbeidsplan og budsjett. Søknad om støtte 2020 vart presentert under møtet, og vil bli ettersendt digitalt til Marianne og Åge. Årsmelding og rekneskap for 2019 må sendast etter når desse er godkjent av årsmøtet. UngVest må også sende inn endeleg budsjett og arbeidsprogram, vedtatt av årsmøtet.

#### 5. Diskutere moglege samarbeidsområde

UngVest vil gjennomføre regionale samlingar rundt om i fylket, og vurderer å lage til kurs i tilskot- og søknadsarbeid. Fylkeskommunen kan bidra fagleg på desse. UngVest er opptatt av at også organisasjonar som ikkje er medlemmer i UngVest kan delta på samlingar og kurs.

UngVest og fylkeskommunen vil dele informasjon om samlingar o.l. som kan vere relevant å spreie gjennom nettverka. UngVest vil dele informasjon om støtteordningar i fylkeskommunen ut til sine medlemsorganisasjonar.

#### 6. Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

*Åge Avedal*  
*- referent -*

Med helsing

Åge Avedal  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Mottakarliste  
Øystein Rambjørg  
UngVest v/ Atle Johannesen

Kopi til:  
Ronny Bjørnar Skaar  
Marianne Ose Askvik  
Per Morten Ekerhovd